

# Interpellasjoner og spørsmål til fylkestinget, 29. september 2020

## Mottekne interpellasjoner

### 1. Kurt Johnny Heggernæs (PP); Vestland fylke erklærer fattigdomskrise for minstepensjonistene.

I Norge i dag er det ca. 140.000 minstepensjonister som daglig lever under fattigdomsgrensen. Disse har en pensjon på vel 200.000,- kroner i året. Fattigdomsgrensen i er beregnet til vel 235.000,- kroner. Med andre ord et gap på vel 35.000,- kroner. Dette medfører at pengene ikke strekker til. Det mangler ca. 2.500,- til 3.000,- kroner hver måned for å dekke de mest livsnødvendige behov i hverdagen så som medisiner, helsebehandling, tannlege behandling m.m. og det bare for å leve et noenlunde anstendig anstendig liv. Dette er en stor utfordring for minstepensjonistene og medfører store sosiale utfordringer.

Minstepensjonister står hver måned over for følgende dilemma: Hva må velges bort denne måneden? Som regel må det kuttes i bruk av penger til klær og sko, personlig hygiene som til et besøk hos tannlege, en fotpleier eller frisør. Transport, kultur og samfunnsdeltakelse kan en bare glemme. For ikke å snakke om gebursdags- eller julegaver til barnebarna. Men verst er det når man ikke har nok penger til mat og medisiner. Når man må kutte i livsnødvendigheter som mat og medisiner, helsebehandling, ja da er fortvilelsen og maktløsheten passert lang over det som mange klarer å bære. Dette er uverdigg og en nedverdigg behandling av våre eldre. Slik skal vi ikke ha det i vårt land.

Norge blir beskrevet som et rikt land. Men rikt for hvem? I hvert fall ikke for minstepensjonistene i landet. Når vel 140.000 av våre innbyggere lever under fattigdomsgrensen kan vi ikke kalle oss et rikt land. Tiden er inne til å si fra at dette aksepterer vi ikke og vi må gjøre noe med det.

Jeg har følgende spørsmål til fylkesordføreren:

1. Mener fylkesordføreren at det er greit at vel 140.000 av landets innbyggere og over 14.000 i Vestland fylke lever under fattigdomsgrensen?
2. Vil fylkesordføreren ta initiativ ovenfor storting og regjering til at minstepensjonen heves til et anstendig nivå ved årets budsjettbehandling?

Forslag til vedtak:

Vestland Fylke erklærer fattigdomskrise for minstepensjonistene. Vestland Fylke kan ikke akseptere at 140.000 av våre innbyggere lever under fattigdomsgrensen som minstepensjonister. Vestland Fylke er svært bekymret for minstepensjonistenes økonomiske hverdag, der mange ikke har penger til livsnødvendigheter som mat, helsebehandling og medisiner. Vestland Fylke krever at regjeringen hever pensjonen for minstepensjonistene til å være mer enn fattigdomsgrensen ved høstens budsjettbehandling.

## Fylkesordfører gir slikt svar:

Etter Lov om folkehelse skal fylkeskommunen fremje folkehelse innan dei oppgåver, og med dei verkemiddel fylkeskommunen har til rådvelde. Dei mest sentrale verkemidla er regional utvikling og planlegging, forvaltning, tenesteyting og tiltak som kan møte folkehelseutfordringane i fylket.

Helsedirektoratet har i rapporten Folkehelse og berekraftig samfunnsutvikling. Helsedirektoratets innspill til vidareutvikling av folkehelsepolitikken (IS -2748) frå 2018 gjeve tydeleg retning til folkehelsearbeidet, både på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.

Eg siterer frå s. 30 i rapporten: «I det forrige kapitlet ble det beskrevet en utvikling innen sosial ulikhet i helse som er bekymringsfull og som ikke går riktig veg (...) Sosiale helseforskjeller – eller sosial ulikhet i helse – er et resultat av politiske valg og sosiale og økonomiske levekår i samfunnet. I Norge er det betydelige sosioøkonomiske forskjeller (...) De sosiale helseforskjellene er økende, og det er fortsatt en utfordring når det gjelder å utjevne helsegapet mellom grupper med høy og lav sosioøkonomisk status» (sitat slutt).

Folkehelseoversikta for Vestland (2019-2023) syner at det er aukande sosioøkonomiske skilnader også i vårt fylke,

Ein berebjelke i folkehelsearbeidet er utjamning av sosial ulikskap. I Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, s.29, kjem dette særleg godt fram: «Eit hovudprinsipp i berekraftmåla er at ingen skal utelatast. For å nå dette målet må vi ha spesielt fokus på sårbare grupper og sette inn eit breitt verkemiddelapparat på tvers av sektorar. Vestland skal ha eit spesielt fokus på sårbarheit, livsomstilling og utanforskap. Inkludering bør vere eit gjennomgåande perspektiv i all regional planlegging og verksemd» (sitat slutt).

I folkehelseinstituttet sin statistikkbank går det fram at det i 2018 var 23 064 personar som bur i hushald med inntekt under 50 % av fylkeskommunal medianinntekt (EU50), og 40 681 personar som bur i hushald med inntekt under 60% av fylkeskommunal medianinntekt (EU60) i Vestland. Fylkesordføraren er ikkje kjend med kor stor del av desse personane som er minstepensjonistar.

Fylkesordføraren meiner ikkje det er greitt at innbyggjarar i fylket opplever stor økonomisk ulikskap, og at det er aukande sosioøkonomiske skilnader i Vestland. Vi må jobbe målretta, og med utgangspunkt i eit breitt verkemiddelapparat for prøve å redusere desse skilnadane.

Det er likevel slik at fylkestinget ikkje har tradisjon for å gå inn i lønsoppgjær eller på andre måtar gjennom fastsetjing av ordningar, for grupper som ligg utanfor dei fylkeskommunen leverer tenester til.

## **2. Knut Inge Andersen (FNB); Ny E16 - no!**

E16 mellom Arna og Voss blei i 2018 kåra til Norges verste veg. Den er også av mange rekna som den viktigaste transportkorridoren mellom aust og vest.

Den rasutsatte strekinga til Voss har i årevis vore brei semje frå skiftande regjeringar å ville gjere noko med. I juli kom imidlertid nyheita om at Vegvesenet planlegg å utsetje oppstart av prosjektet med to år.

Etter første handsaming av NTP-høyring i fylkesutvalet i mai vart det lagt opp til ei klår prioritering av E16/K5, medan Hordfast på det næraste var skriven ut av NTP-lista til Vestland. Fleire kommunar i Sunnhordland melde då at dei ville vurdere ein overgang til Rogaland om ikkje Hordfast vart prioritert opp.

– Det er ingen som dør av å ta ferje, men det dør faktisk folk på E16. E16 er for oss det desidert viktigaste prosjektet, fortalde Jan Ove Halsøy, regionsjef i Norges Lastebileier-Forbund (NLF) til NRK allereie i februar.

I juni gav Vestland fylkesting sine endelege innspel til arbeidet med Nasjonal Transportplan. Ferjefri E39 (i praksis Hordfast) og E16 vart då begge lyfte fram som prioriterte prosjekt frå fylket. Men med ein merkelapp på 35-40 milliardar kroner for Hordfast, vil det vere meir enn tvilsamt om ein kan realisere begge prosjekta samstundes innanfor dei økonomiske rammene til NTP.

### Spørsmål til fylkesordføreren :

På bakteppe av den seinaste utviklinga når det gjeld E16-framdriftsplan, ser fylkesordføreren det som uheldig at fylkestinget i juni ikkje greidde å levere ei tydelegare melding når det gjeld rangering av viktigeheit mellom dei to største NTP-prosjekta i Vestland?

### Framlegg til uttale frå Vestland fylkesting:

Vestland fylkesting set liv og helse framfor ferjefri E39. E16/K5 – no - er og blir det viktigaste NTP-prosjektet å få realisert i vårt fylke.

### Fylkesordfører gir slikt svar:

Eg vil starte med å sitere frå fylkestinget sitt NTP-vedtak knytt til Bergen-Voss og til E39.

I punkt 2 i vedtaket er det m.a. sagt:

«Fylkestinget meiner at liv og helse må prioriterast først, og at transportnettet vårt må vere trygt, framkomeleg og bidra til balansert utvikling i heile fylket.....»

Med dette vedtaket sette me rassikring og verdiskaping øvst, og understreka behovet for eit effektivt og trygt transportsystem.

Vestland er og eit fylke med store behov innan samferdsel og prioriterte m.a. følgjande investeringar i store prosjekt, slik det går fram av pkt. 7 i NTP-vedtaket:

«a) Av omsyn til stor rasfare og mange ulukker er Vestland fylkesting si hovudprioritering rassikring av E16 og Vossebana mellom Bergen og Voss, og Vestland fylkesting held fast på tidlegare vedtak om utbygging etter K5-alternativet for ny E16 og Vossebana. Det må startast vidare planlegging av strekninga Stanghelle-Voss for å legge til rette for samanhengande utbygging på strekninga Bergen-Voss. Reisetida på Bergensbana må kome ned mot 4 timar mellom Bergen og Oslo.

b) E39 er den mest sentrale transportkorridoren for heile Vestlandet og må prioriterast som hovudferdselsåre med tilstrekkeleg standard for å binde landsdelen saman, og for å styrke sambandet med Europa. Det må utarbeidast ein samla plan for utbygging av denne ferdslsåra. Fylkestinget opprettheld visjonen om ein ferjefri E39.»

Det er vidare vist til ein rekkje ulike prosjekt langsetter E39 som er viktige å realisere.

Det går altså fram at fylkestinget sin hovudprioritering er knytt til strekninga Bergen- Voss og utbygging etter K5-alternativet. Dette er det viktigaste prosjektet slik fleirtalet i fylkestinget har sett det. Eg meiner at fylkestinget har ein klår prioritering der vi har peikt på at K5 er det viktigaste riksveg-prosjektet for Vestland.

Samstundes har fylkestinget vist til langt høgare ambisjonar for Vestland enn berre K5. Og at det må vere ein regional balanse i tiltaka, altså at det blir lagt til rette for utvikling i heile fylket. Då har fylkestinget peikt på at korridoren E39 gjennom fylket er viktigast. Fylkestinget har heile vegen vore klår på at ferjefri E39 ikkje berre dreier seg om dei store fjordkryssingane, men ikkje minst også om å sikre ein tilstrekkeleg god standard gjennom fylket, med fokus på trafikktryggleik, sikker framkome og ikkje minst rassikring. Fylkestinget viser til mange strekningar langsetter E39 som må finne ei løysing.

Så er det viktig for meg å seie at fylket også har ei rekkje andre behov knytt både til fjellovergangar og til framkome. Her er liv, helse og trygghet for å kome fram dei viktigaste prioriteringskriteriene. Eg meiner, og fleirtalet i fylkestinget har meint at dette må kome på plass føre dei store fjordkryssingane.

Eg registrerer at samferdselsministeren opnar for porteføljestyling av prosjekt. Eg kan vere samd i at dette kan vere eit godt verktøy. Men då må ikkje berre reint samfunnsøkonomisk lønsemd telle. Det må leggjast vekt på liv og helse og tryggleik på vegane.

Likevel, fylkestinget gav NTP-uttale i mai og det er dette vedtaket som gjeld. No ligg det politiske arbeidet i å jobbe for vedtaket.

### 3. Terje Kollbotn (R); La oss gjere SSB-profetiane kraftig til skamme.

18. august i år la Statistisk Sentralbyrå (SSB) fram ein statistikk (prognose) for folketalsutviklinga i Norge fram til 2050. Her blir det lagt fram tal som forsterkar samfunnsutviklinga i retning av sentralisering. Utkantane blir i denne rapporten den store taparen dei neste 30 åra. Ikkje minst gjeld dette tradisjonsrike kraft- og industrisamfunn over heile landet, som t.d. Glomfjord, Narvik, Mosjøen, Mo i Rana og Sunndal. Her i Vestland fylke gjeld dette m.a. Høyanger, Årdal, Svelgen, Ålvik, Tyssedal, Odda og Husnes og kommunane desse industrisamfunna tilhøyrer.

Denne rapporten byggjer både på ei negativ utvikling av industriarbeidsplassar og folketal gjennom mange år, og analyse av dominerande samfunnstrender i dag. Dette er dramatisk for stolte og livskraftige lokalsamfunn og kommunar som har hatt og har ei verdiskaping pr. innbyggjar heilt i norgestoppen og vore ei drivkraft for distrikts- og velferdsbyggjing i landet. Det må difor vere ei hovudutfordring for fylkespolitikarane her på Vestlandet å medverke til å gjere denne statlege rapporten kraftig til skamme. Diverre må eg konstatere av statistikk-makarar i Vestland fylkeskommune opererer med enno dystre prognosar når det gjeld fleire av desse industrikommunane.

Ei hovedårsak til denne negative samfunnsutviklinga etter Raudt sitt syn ei langvarig undergraving av fundamentet for desse industrisamfunna gjennom at statlege styresmakter har definere vasskrafta som er vare som er til sals til høgstbydande i ein internasjonal energimarknad. Dette skjer m.a. gjennom stadig fleire kraftkablar til utlandet og stadig nærare tilknytning til det europeiske energibyrået ACER. Å nytte den rimelege, reine, fornybare vasskrafta som eit industripolitisk verkemedel for industri- og samfunnsutvikling i Norge, er ikkje lenger «på moten». Ein nasjonal politikk for å byggje heile landet var grunnlaget for etablering og utvikling av desse moderne industrisamfunna gjennom nærare hundre år. Samstundes har desse samfunna utvikla ein industriell spisskompetanse i verdsklasse og eit stort potensiale for industriutvikling og knoppskyting på mange felt som er avgjerande for å kunne utvikle landet som ein klimavenleg industrinasjon i framtida.

*Spørsmål 1: Er fylkesordføraren samd i vurderingane i denne interpellasjonen?*

*Spørsmål 2: Om svaret er ja, kva vil fylkesordføraren saman med fylkestinget gjere for å aktivt motverke den utviklinga som SSB her spår dei neste 30 åra?*

Onsdag 16.september var det eit nytt større oppslag om denne saka i Vestlandsrevyen (NRK). Her vart direktøren i det statlege Distriktssenteret, Marit Melling, intervjuet. Hennar bodskap var svært nedslåande og defensivt: Det gjaldt no for distriktskommunane « å forsone seg med fråflyttinga », « å ta innover seg realitetane », « å ikkje setje seg urealistiske mål om å snu trenden » og heller satse på å skape « eit godt liv » for dei som framleis vel å bu i desse samfunna. Om bodskapen er representativt for det statlege Distriktssenteret og den statlege forvaltninga, er dette rett og slett provoserande for ein fylkespolitikar som kjem frå eit industrisamfunn som Odda. Og det gir ikkje minst sterke negative statlege signal til ungdom som ynskjer å satse på ei lys og spanande framtid i klimavenlege arbeidsplassar i fastlandsindustrien og i distrikta.

*Spørsmål 3: Kva er fylkesordføraren sin politiske kommentar til bodskapen frå direktøren i Distriktssenteret i Vestlandsrevyen den 16.september?*

Framlegg til vedtak:

Vestland fylkesting vil i den komande utviklingsplanen og andre styringsdokument for Vestland fylke leggje stor vekt på å utvikle målretta tiltak for å utvikle industrikommunane i fylket, og medverke til at SSB sine prognosar 2020-2050 ikkje blir ein realitet på dette området.

#### Fylkesordfører gir slikt svar:

Lik andre deler av landet har Vestland ei ujamn folketalsutvikling, med sentralisering mot nokre kommunar og større stader. For mange av industristadane er fylkesordføraren einig i at situasjonen er alvorleg.

Interpellasjonen viser at statistikk-makarane fortener skryt i form av at dei får i gang ein debatt. Den stille sentraliseringa er den verste. Det at me berre aksepterer utviklinga utan å ta grep.

Fylkesordføreren er grunnleggjande usamd i vurderinga frå Distriktsenteret, som svar på ei utvikling over tid i mange distriktskommunar med folketalsnedgang, fødselsunderskot og for få unge i høve eldre.

Difor viser eg til talen min til fylkestinget, og at me må definera rolla vår først og fremst som ein medspelar til vekst og utvikling saman med kommunane. Det er kommunane sjølve som best kan ta grep for å utvikle arbeidsplassar, lokale kultur- og idrettsaktivitetar, samt frivillig arbeid. La oss kjempa for Odda og Ullensvang slik.

Noko av formålet med strategisk planlegging og politikk er å forsøke å endre trendar, og klarer vi det, vil framskrivingane ta feil. Det er viss vi ikkje gjer noko, at vi risikerer at prognosane slår til. Så er det ei utfordring at når prognosemakarane kjem til ulike tal, så skuldast det at dei ser på ulike trendar. Kva trend skal vi då snu?

Effektivisering og robotisering medfører behov for færre arbeidstakarar, men er også ein føresetnad for å klare seg i ein internasjonal marknad. Dersom ein skal kunne halde oppe talet på arbeidstakarar må det skapast nye arbeidsplassar, men, dei aktuelle kommunane må også ha ein attraktivitet som gjer at folk vel å bu der. Fylkeskommunen har ordningar for støtte og rådgjeving som kommunane kan dra veksle på, men det er viktig at den einskilde kommune sjølv tek tak og greier å engasjere næringsliv og innbyggjarar.

Fylkesordføreren ønskjer å arbeide aktivt saman med kommunane for å motverke at dei dystre framskrivingane slår til. Utviklingsplanen for Vestland, som skal vedtakast i fylkestinget i dag, skal hjelpe oss til å få ein felles kurs for arbeidet. Vi vil arbeide for ei samfunnsutvikling som styrkar grunnlaget for vekst og gode kvardagsliv i heile Vestland. Eit av hovudmåla i planen er at vi skal vere eit leiande verdiskapingsfylke, og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg. Vi skal nytte våre naturgjevne føresetnader og sterke teknologi- og kompetansemiljø til å vidareutvikle eit variert næringsliv med fleire arbeidsplassar og god omstillingsevne. Arbeidet med Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er òg under utarbeiding. Planen skal formulere mål og strategiar for innovasjon og næringsutvikling i heile Vestland, og bidra til auka omstillingsevne og det «grøne skiftet» i næringslivet. Eg vonar difor at målretta strategisk arbeid i kommunane, og at vår målretta innsats saman med kommunane gir resultat.

#### 4. Marthe Hammer (SV); Jernbanen må vere underlagt nasjonal folkevalgt kontroll.

Regjeringa sendte 26.juni «Utkast til ny jernbaneforskrift» på høyring, med frist 25.september. Vestland fylkeskommune er høyringsinstans. Diverre har ikkje denne saka vore framlagt for utval for samferdsle og mobilitet eller fylkesutvalet, og Vestland fylkeskommune har derfor ikkje sendt inn høyringsfråsegn innan fristen.

Fylkestinget er samla 29.-30.september, og sjølv om fristen for å levere formell høyring er gått ut, så er dette ei sak som er så viktig at Vestland fylkeskommune bør ha ei meining om ho. Vestland Fylkeskommune vil uttrykke sin sterke bekymring for at Stortinget kan komme til å frasi seg retten til å bestemme over norsk jernbanepolitikk i framtida.

Departementets høyringsnotat stadfester at implementering av EUs fjerde jernbanepakke inneberer:

- krav til obligatorisk bruk av konkurranse ved tildeling av kontrakter om offentlig tjenesteytelse av persontransport med jernbane.
- EUs jernbanebyrå (ERA) får overført beslutningsmyndighet fra de nasjonale sikkerhetsmyndighetene (Statens jernbanetilsyn) bl.a. når det gjelder utstedelse av felles sikkerhetssertifikater.

Spørsmål til fylkesordføreren:

- Er fylkesordføreren einig i at høyringsframlegg frå Vestland fylkeskommune burde ha vore framlagt utval for samferdsle og mobilitet og fylkesutvalet som eiga sak, og slik vore handsama innan fristen?
- Er fylkesordføreren einig i at:

- det må vere opp til norske myndigheiter å avgjere om jernbanestrekningar skal leggst ut på anbod eller ikkje. Å låse fast ein bestemt jernbanepolitikk for framtida er i strid med grunnprinsippet i vårt demokrati, om at det er nasjonale folkevalgte organ som skal bestemme i Noreg
- det framleis må vere mogleg å stille nasjonale krav til tryggleik jernbanen. Med Noreg sin spesielle klima, geografi og høge utdanningskrav til vårt personell fryktar vi at overføring av mynde til EUs jernbanebyrå, ERA, vil svekke tryggleiken
- Stortinget må reservere Noreg mot EUs Jernbanepakke 4, slik EØS-avtalen gir høve til.

Framlegg til vedtak

Vestland fylkeskommune meiner:

- det må vere opp til norske myndigheiter å avgjere om jernbanestrekningar skal leggst ut på anbod eller ikkje. Å låse fast ein bestemt jernbanepolitikk for framtida er i strid med grunnprinsippet i vårt demokrati, om at det er nasjonale folkevalgte organ som skal bestemme i Noreg
- det framleis må vere mogleg å stille nasjonale krav til tryggleik jernbanen. Med Noreg sin spesielle klima, geografi og høge utdanningskrav til vårt personell fryktar vi at overføring av mynde til EUs jernbanebyrå, ERA, vil svekke tryggleiken
- Stortinget må reservere Noreg mot EUs Jernbanepakke 4, slik EØS-avtalen gir høve til.

### Fylkesordførar gir slikt svar:

Samferdselsdepartementet har sendt på høyring forslag til forskrifter som del av arbeidet med å førebu gjennomføringa av EU sin fjerde jernbanepakke i norsk rett:

- Ny jernbaneforskrift
- Ny forskrift om sikkerheit og tekniske forhold ved jernbanen
- Endringar i forskrift om gjennomføring av kollektivtransportforordningen

Dette er forskrifter som Noreg, som ein del av EØS-avtalen, er plikta til å ta inn i norsk lovgjeving.

Administrasjonen har vurdert om det er noko i forslaga som vil få særleg innverknad på det fylkeskommunale driftsansvaret, og har ikkje funne det. Dette er bakgrunnen for at det ikkje er lagt fram sak om denne høyringa.

Fylkesordføraren registrerar at spørsmåla som er retta til han også er formulerte som vedtakspunkt. Fylkesordføraren vil difor syna til at det er opp til fylkestinget å ta stilling til forslaget til vedtak.

## 5. Noralv Distad (H); Velkommen til Vestland - heile året

I juli månad 2020 var det 807 000 overnattingar av nordmenn i hotell, hytter og på campingplassar i Vestland.

Framgangen frå 2019 er på nær 380 000.

Vestland slo til som attraktivt feriefylke for nordmenn.

For året så langt viser tala derimot ein svak nedgang av norske overnattingar, frå 1.724.000 til 1.702.000.

Sesongen for feriereiser vart kort, og yrkes- og konferansetraffikken er sterkt redusert.

I ein krevjande situasjon for reiselivet er det viktig å byggja vidare på tal og lærdom frå den hektiske sommersesongen.

Vestland har svært gode føresetnader for å vera eit førsteval for norske reiser gjennom heile året. Då må opplevingane vera tilgjengelege og dei må marknadsførast effektivt og med entusiasme.

I 2020 hadde Vestland fylkeskommune ein flott nettkampanje for Vestlandssommar.

Kampanjen bør vidareførast også for reiser i andre sesongar.

Vestland fylkeskommune er og ein stor tilbydar av aktivitetar, attraksjonar og transport. Det er viktig å formidla dette til potensielle gjester, med relevante opplysningar om opningstider og prisar. Ein må og sjå på om det til dømes er nødvendig å justera opningstider.

Eit fylkeskommunalt engasjement som skissert vil heilt sikkert verta godt motteke i reiselivsbransjen.

Alt må sjølvstakt skje i samsvar med forsvarleg smittevern.

Vil fylkesordføreren ta initiativ til:

1. ny nettkampanje for ferie i Vestland, til alle årstider.
2. samordna tilbod av fylkeskommunale attraksjonar og aktivitetar, tilgjengeleg for gjester.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber om at det vert sett i verk ein ny nettkampanje for ferie i Vestland, til alle årstider. Fylkestinget ber om at det vert utarbeidd eit samla tilbod av fylkeskommunale attraksjonar og aktivitetar som er tilgjengeleg for gjester, med opplysningar om opningstider og sesong.

### **Fylkesordfører gir slikt svar:**

Nettkampanjen i sommar kom til på initiativ frå Grete Karin Berg i NHO, som del av trepartsamarbeidet vårt. Dette var moro, og er stolt og takksam overfor samtlege kommunar, som stilte opp. Me spelte på lag, og spelte kvarandre gode.

Vestland fylke omfattar no fleire av dei mest attraktive og best utvikla reiselivsprodukt i Noreg. Ei rekkje av dei sterkaste merkevarene innafor reiseliv er å finne i vår region, frå fjordar til bygder, fjell og isbrear, vakre bygder og storbyen Bergen.

Digital marknadsføring i reiselivet har ei særleg fokus på gjentatte interaksjonar med besøkande til dei digitale flatene, slik at ein kan leie gjesten frå inspirasjon til planlegging og vidare til bestilling. Å gjennomføre ein Facebook-kampanje kan være ein god måte å auke talet på følgjarar til sida, men skal ein sikre konversjon til sal er det nødvendig med ei tettare oppfølging av kunden.

Vestland fylkeskommune er største eigar i Fjord Norge AS, der vi har styreverv og tildeler NOK 6 000 000 i årleg støtte. Fjord Norge AS har hatt internasjonal marknadsføring som hovudfokus, men har på bakgrunn av reisesituasjonen hatt nasjonalt fokus frå 2020. Destinasjonsselskapa i Vestland og Fjord Norge AS har alle websider, Facebook-profilar og nærvær i andre sosiale media.

Alle desse har marknadsføring som viktigaste arbeidsoppgåve, og synleggjer eigne regionar gjennom sine digitale flatar. Kundeoppfølging er sentralt for å sikre at eksponering blir konvertert til sal. Heilårssatsing er vesentleg for alle desse og tilbod som dekkjer heile året er profilert.

Selskapa har marknadsføring av reiseliv som spesialfelt og arbeider kontinuerleg for å halde seg oppdatert på den mest effektive og treffsikre måten å marknadsføre regionen på, i tråd med lokalt forankra strategiar. Til dømes er det i perioden 12. mars – 23. september vist videoar frå Visit Bergen på Facebook i totalt 20 000 timar. Fjord Norge AS har i same periode hatt ei dagleg rekkevidde via Facebook på 53 700 til den norske marknaden.

Destinasjonsselskapa i Vestland representerer til saman 1250 medlemsbedrifter, og marknadsfører deira produkt direkte. I mange tilfelle tilbyr destinasjonsselskapa sal av desse bedriftene sine produkt gjennom eigne flatar. Å halde denne informasjonen oppdatert er eit stort og krevjande stykke arbeide. Dei åtte destinasjonsselskapa i Vestland får midlar frå Vestland fylkeskommune, både partnerskapsmidlar frå fylkesbudsjettet og ekstra midlar til aktivitetar i korona-tider.

Vi kan slå fast følgjande:

1. Den mest effektive måten å drive marknadsføring og sal av reiselivstilboda og reisemåla i Vestland er gjennom destinasjonsselskapa og Fjord Norge AS.
2. Destinasjonsselskapa i fylket har allereie oversikt over dei aller fleste tilboda i sine regionar, og er i kontinuerleg dialog med tilbydarane.

## **6. Pauline Tomren (MDG); Stans reklame i skulen**

I lovparagraf § 9-6.m reklame i skulen, står det at "Skuleeigaren skal sørge for at elevane ikkje blir utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press, eller som i stor grad kan påverke haldningar,

åtferd og verdiar, mellom anna på skolens område, i lærebøker og andre læremiddel som blir nytta i opplæringa. Departementet kan gi nærmare forskrifter.”

Både elevkalenderen og ulike russeselskap reklamerer for produkta sine på dei vidaregåande skulane til fylkeskommunen. Russedress fekk verstingprisen "årets gullbarbie" frå organisasjonen Press i 2014 fordi dei framstilte eit einssidig kroppsideal og ein bodskap om at russetida først og fremst handlar om sex og fyll.(1) Den reklamefinansierte almanakken Elevkalendaren, som kvart år blir delt ut til VGS-elevar, fekk den same verstingprisen i 2015 fordi mykje av reklamen deira bidrar til kroppspress.

Å tillate kommersiell reklame bidrar til kjøpepress blant elevane. Det er dumt for deira eigen- og foreldra si lommebok og kan bidra til å gjere sosiale forskjellar synlege. Ikkje minst er det dårleg for miljøet, sidan kommersiell reklame bidrar til aukt forbruk. Fylkeskommunen har eit ansvar å passe på at vi ikkje utsett elevane for usunt press. Av prinsipp bør det ikkje vere lov med kommersiell reklame på skulane våre. Både på grunn av kjøpepresset det bidrar til, og fordi det kan vere i strid med norsk lov.

Av og til bruker selskap sosiale medium som Facebook til å reklamere for produkta sine. Det er vanleg at selskap som sel russeklede og russeeffektar, lagar facebookgrupper retta inn mot kvar enkelt skule, kor dei reklamerer for produkta sine. Elevane kan sitte igjen med eit inntrykk av at desse gruppene er laga av russestyret på skulen eller at det er ei offisiell russegruppe på skulen. Det er misvisande at desse private selskapa kan bruke namnet til skulen på denne måten, kor dei får det til å sjå ut som det er offisielle russegrupper for skulen, når det eigentlege formålet er å reklamere for produkta dei sel.(2)

I tillegg til produktreklame frå selskap som russeservice og elevkalendaren, er det andre organisasjonar og bedrifter som reklamerer for interesser utan at det kjem tydeleg fram at dei driv med reklame. Interesseorganisasjonen Norsk olje og gass besøker skuleklassar på vidaregåande skular utan at det kjem tydeleg fram at dei har ein bodskap prega av politiske og økonomiske interesser. Mange elevar kan derfor komme til å tru at dei får objektiv informasjon, fordi det ikkje kjem tydeleg fram at denne (og andre besøkande organisasjonar) har ein politisk og økonomisk interesse ved å fremje sitt bodskap. Når skuleklassar får informasjon frå ulike organisasjonar og selskap, bør det vere tydeleg at dei driv med påverknad og har ein politisk eller økonomisk interesse. I dag er ikkje det alltid tilfellet, og da trengs det tydelegare retningslinjer.

Ein annan interesseorganisasjon som driv med reklame på offentlege skular, er Opplysningskontoret for kjøtt og egg. I fleire år har dei delt ut skulebøker i mat og helse til ungdomsskular i Noreg. Det er ukjent for meg om elevar som går restaurant og matfag på skulane til fylkeskommunen får tilsvarande bøker frå Opplysningskontoret for kjøtt og egg, men det kan skje viss vi ikkje lagar nærare reglar. Det er problematisk dersom elevane får lærebøker frå interesseorganisasjonar, uansett kva for fag det gjeldt.

Uansett om ein veit at ein blir utsett for reklame eller ikkje, bør lærematerialet vere uavhengig av økonomiske og politiske interesser. Elevane våre fortener undervisning og lærebøker av høg kvalitet som ikkje framstiller politiske bodskap som nøytrale. Det får dei ikkje i dag, fordi vi som er politikarar har sove i timen. No må vi sikre at kommersiell reklame i skulen blir fjerna, og at interesseorganisasjonar som besøker skular og som har ein økonomisk og politisk agenda må vere tydeleg på kva dei ønsker å oppnå. Vi må sikre at elevane kan dra på skulen for å lære, utan å bli utsett for kropps- og kjøpepress i skuletida. Vi må også gi dei eit godt grunnlag til å orientere seg blant mange organisasjonar med ulike politiske interesser.

Med unntak av tilfelle kor det er særleg grunn til det, bør skulane til fylkeskommunen vere ein reklamefri sone. Vi har ikkje reklame på den offentlege transporten vår, og eg kan ikkje sjå nokre gode argument for at det skal vere lov på skulane våre heller. Som skuleeigar har fylkeskommunen handlingsrom og ansvar for å regulere reklame på skulane våre.(3) Derfor bør det utarbeidast eit regelverk for reklame på fylkeskommunen sine opplæringsinstitusjonar til politisk handsaming.

Spørsmål til fylkesordføraren

1. Får elevar på skulane våre læremateriale som er sponsa av interesseorganisasjonar?
2. Har fylkeskommunen reglar for produktreklame og fremjing av bodskap frå organisasjonar med ein politisk og/eller økonomisk interesse?
3. Er det skular i fylket som har eigne reglar for produktreklame og tydeleggjering av politiske og/eller økonomiske interesser ved besøk av interesseorganisasjonar?



4. Kva for høve har fylkeskommunen til å regulere bruk av skulane sitt namn i promotering av produkta til private selskap på sosiale media?

Forslag til vedtak

1. Fylkeskommunen sine opplæringsinstitusjonar skal vere reklamefri sone
2. Det skal utarbeidast eit regelverk for regulering av reklame som skal opp til politisk handsaming

Fotnotar:

(1) <https://gullbarbie.no/tidligere-vinnere/>

(2) <https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/kkkXA/edel-marie-19-protesterte-mot-russeservices-reklame-ble-kastet-ut-av-gruppe>

(3) [https://www.udir.no/globalassets/upload/lov\\_regelverk/5/veileder\\_reklame\\_i\\_skolen.pdf](https://www.udir.no/globalassets/upload/lov_regelverk/5/veileder_reklame_i_skolen.pdf)

### **Fylkesordfører gir slikt svar:**

1. Kva læremiddel som skal brukast ved den einskilde skule eller av den einskilde lærar, vart prinsipielt opna mykje opp ved at den offisielle godkjeningsordninga vart teken bort i juni 2000. Regjeringa la særleg to forhold til grunn. For det første vart det politisk prioritert å auke innverknaden til foreldre og elevar på val og bruk av lærebøker i skulen. Vidare la departementet vekt på at *læreplanen* skulle vere det viktigaste politiske styringsverktøyet for innhaldet i skulen. Det læremateriellet som elevane brukar, vil difor variere mykje frå fag til fag og frå skule til skule. I samfunnsfag vil det til dømes vere naturleg å bruke materiell utarbeidd både av politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar, men slikt materiell vil alltid ha karakter av supplerande læretilfang. Dette vil ikkje vere like aktuelt i andre fag. Skulane er elles ved mange høve oppmoda om å invitere inn organisasjonar og enkeltpersonar som kan nyttast som ein ressurs i undervisninga. I samband med den nye læreplanen LK20 har Utdanningsdirektoratet laga ei rettleiing for å kunne vurdere kva som er gode læremiddel, førebels i faga engelsk, norsk og matematikk. Ut over dette eksisterer det ikkje nasjonale eller lokale retningsliner for val av lærestoff, men det er ein føresetnad at det ikkje blir brukt læremiddel som bryt med norsk lov. Fylkeskommunen fører ikkje kontroll med kva læretilfang som vert nytta ved skulane våre, men det er ikkje urimeleg å rekne med at også materiell som er utarbeidd av, eller er sponsa av, interesseorganisasjonar eller politiske parti, vert brukt i skulane.
2. Fylkeskommunen har ikkje reglar for produktreklame eller fremjing av politiske eller religiøse synspunkt. Politiske markeringar er velkomne ved skulane våre, og dei politiske ungdomsorganisasjonane er flinke til å minne oss om uheldig avgrensing av slik yringsfridom. Men skulane skal ikkje vere ein marknad for sal av produkt eller tenester. Det er rektor sitt ansvar å vurdere kva som har slik karakter. Det er særleg i samband med russefeiringa dette har vore løfta som problemstilling. Fylkeskommunen har ved fleire høve vist til nasjonale styringssignal, og vi formidlar konsekvent den haldninga at russefeiringa ikkje har noko med verksemda ved skulane å gjere. Det betyr at sal eller promotering av produkt og tenester knytt til russefeiringa, ikkje er velkomne på skulane våre.
3. Fylkesordføraren er ikkje kjend med at det er skular i Vestland som har eigne reglar for produktreklame og tydeleggjering av politiske og/eller økonomiske interesser ved besøk av interesseorganisasjonar? Viser elles til punkt 2, der det går fram at ulike organisasjonar er velkomne til å presentere seg ved skulane våre.
4. Det er ikkje forbode å bruke skulane sitt namn i promotering av produkta til private selskap på sosiale media, til dømes på ei facebook-gruppe. Det er ikkje patent på skulenamn i offentlege skular. Men markedsføringsloven § 2 legg til grunn at  
«Markedsføring må ikke stride mot god markedsføringsskikk. Ved vurderingen legges det vekt på om markedsføringen krenker allmenne etikk- og moraloppfatninger, eller om det tas i bruk støtende virkemidler»

Markedsføringsloven § 19 presiserer vidare at

«Når en handelspraksis rettes mot barn, eller for øvrig kan ses eller høres av barn, skal det vises særlig aktsomhet overfor barns påvirkelighet, manglende erfaring og naturlige godtroenhet.

Det at ein kommersiell aktør bruker skulen sitt namn, kan villeie elevane til å tru at skulen har eit samarbeid med den kommersielle aktøren. Då dette gjeld elevar på vidaregåande skule, vil elevane vere unge og fleire av dei under 18 år. Dette er altså ei sårbar gruppe, og det vert stilt enda strengare krav til aktørane som marknadsfører sine produkt mot denne gruppa. Det å bruke skulen sitt namn i promotering av sine egne produkt på sosiale media utan at dette er avklart med skulen på førehand, vil ikkje vere god marknadsføringsskikk.

Dersom fylkeskommunen oppdagar at skulane sitt namn blir brukt i promotering av produkta til private selskap på sosiale media, bør desse aktørane bli kontakta og bedt om å fjerne skulenamnet i marknadsføringa si.

## C. MOTTEKNE SPØRSMÅL

### 1. Jana Midelfart Hoff, Lise-May Sæle, Gunnar Moland og June Vibecke Knudtsen Indrevik (H): Digital undervisning må settes inn for å kompensere for elevens fravær pga. smittevernshensyn.

Vi er midt i en pandemi. Et viktig tiltak for å redusere og unngå smittespredning, er at folk holder seg hjemme når de er syke, også hvis de «bare» er forkjølet. Dette gjelder også elever ved videregående skole. Å være borte fra skolen har konsekvenser for den enkelte elevs læringsutbytte, sosiale tilknytning og fravær.

Hva gjør de videregående skolene i Vestland for å demme opp for de konsekvensene som langvarig fravær enten ved sykdom eller karantene dager knyttet til pandemien ?

Tilbakemeldingene vi får er at noen få skoler prøver å kompensere for dette, ved å streame undervisning og tilby syke elever å delta hjemmefra og dermed være tilstede på den måten. Ved St.Paul Gymnas får for eksempel alle elever i karantene og isolasjon tilbud om Teams undervisning, samt de som er i risikogruppe. I tillegg får elever som venter på svar på corona-test, oppfølging fra faglærer. Dette er svært ressurskrevende for skolen – og man har ikke fått noen midler - men man har likevel gjort det av hensyn til elevene.

At man snarest får gjennomført dette ved alle skoler er helt i tråd med Opplæringsloven, hvor vi spesielt viser til

[https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/midlertidig-regelverk-for-utdanningssektoren-covid-19/3.1-](https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/midlertidig-regelverk-for-utdanningssektoren-covid-19/3.1-1)

skoleeiers-plikt-til-a-sorge-for-opplaring/ , spesielt avsnitt under punkt. 3.1.2:

"Dersom den enkelte elev må være borte på grunn av smitte av covid-19, karantene eller isolering, gjelder de ordinære reglene om opplæring ved sykefravær. Disse reglene er nærmere omtalt i rundskriv Udir 6-2014. Det vil si at skoleeier har plikt til å gi opplæring for eksempel hjemme hos eleven ved langvarig fravær. Hva som anses som langvarig fravær, må avgjøres etter en konkret og skjønnsmessig vurdering. Elevene har allerede vært borte fra skolen en stund på grunn av stenging, og det er etablert ordninger for opplæring hjemme. Dette er momenter som taler for at skolene ikke bør vente så lenge før de gir opplæring hjemme ved fravær på grunn av smitte, karantene eller isolering."

SPØRSMÅL:

- Hvordan fungerer den digitale undervisningen idag og hva er status etter våren 2020?

- Har man en plan for få på plass digitale undervisningsplattformer som ett godt alternativ i fremtidens undervisning?

Vi vet at det mest sannsynlig vil komme lignende pandemier i fremtiden.

- Som skissert, finnes det løsninger for å kompensere for fravær grunnet smittevernshensyn- som ivaretar elevenes læring. Vil fylkesordfører ta initiativ til at dette gjennomføres på alle fylkets skoler i løpet av høsten, og påse at det blir satt av de nødvendige ressursene som må til?

## Fylkesordfører gir slikt svar:

### **1.) Korleis fungerer den digitale undervisninga idag og kva er status etter våren 2020?**

Til vanleg er det stor forskjell mellom og innad på skular i høve til kor mykje digital undervisning det er. Det har vore mykje opp til lærarar sjølve kor mykje dei vil ta i bruk læringsplattforma Itslearning, skytenester som G Suite eller O365/Teams og digitale læringsressursar. På skular der det finst ei skuleleiing som er medviten nye arbeidsmåtar og reiskap skjer dette i mykje høgare grad enn elles.

Når samtlege lærarar og elevar måtte drive med læring på nett i mars-juni var resultatet overraskande bra. Det har mykje å gjere med det arbeidet som frå før av har blitt gjort for å kunne drive med læring ved hjelp av IKT i VLFK. Frå resultat av undersøkingar kunne vi imidlertid lese at vi må arbeide meir med felles planlegging på skulane (t.d. for ei veke), meir variert læringsarbeid og motivasjonen til elevane når vi driv med nettbasert læring.

Utover hausten 2020 har mange lærarar gått tilbake til gamle undervisningsmåtar. Det har også blitt sagt frå sentralt hald at elevane skal få så mykje vanleg undervisning på sin skule som mogleg, og dette har då blitt tolka mykje som tradisjonell klasseromsundervisning - ofte med redusert bruk av digitale reiskap. Då vert vegen lengre til å kombinere læringsarbeidet på skulen med "heimeundervisning" for t.d. elevar i karantene.

### **2.) Finns det ein plan for få på plass digitale undervisningsplattformer som eit godt alternativ i framtidens undervisning? Vi veit det mest sannsynleg vil komme liknande pandemiar i fremtida.**

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse har tilrettelagt for at skulane skal kunne bruke Itslearning som læringsplattform. I tillegg har vi tilrettelagt for bruk av skytenester som O365 og G Suite for Education. Desse skytenestene er gode på samhandling og deling, og er integrert inn i Itslearning. I tillegg bruker skulane mange digitale læremiddel som elevane har tilgang til både på skulen og heimefrå. Vestland fylkeskommune er med på UDIR si satsing kalla "Den teknologiske skulesekken" der både kompetansebygging og bruk av digitale læringsressursar vert vektlagt.

### **3.) Som skissert, finns det løysningar for å kompensere for fravær grunna smittevernsomsyn- som ivaretek elevane si læring. Vil fylkesordfører ta initiativ til at dette vert gjennomført på alle skular i fylket i løpet av hausten, og sjå til at det vert sett av nødvendige ressursar som må til?**

Utover det fylkesdirektøren gjer for å endre læringspraksis på skulane, innfører vi også felles rutinar for streaming av læringsarbeid frå skulen. Avdelinga har kontakt med Datatilsynet og personvernombod i Vestland fylkeskommune for å ivareta personvern både for elevar og tilsette og datatryggleik til desse.

Alle skular/lærarar vil få opplæring i bruk av streaming i læringssituasjonar, slik at dei kan inkludere elevar heime i læringa som skjer på skulen i sanntid.

Læringa til elevar, som er heime grunna korona, vil gjennom dette arbeidet bli ivareteke på ein god og forsvarleg måte.

## **2. Berthelsen (SV): Spørsmål om mineralråd og mineralutvinning**

I fylkestinget den 18. og 19. desember 2019 svarte du på ein interpellasjon frå undertekna om at mineralressursar og mineralnæring ville vere eit viktig saksfelt for Vestland fylkeskommune. Du opplyste at administrasjonen kunne greie å fremje ei sak om dette i løpet av første halvår 2020.

Eg vil gjerne vite kor langt administrasjonen har kome i dette arbeidet, og kva tid vi kan vente at ei sak vert lagt fram for fylkestinget?

Eg spør med bakgrunn i at det skjer mykje på dette i Sunnfjord kommune for tida, der fylkeskommunen bør medverke. Nordic Rutile AS har fått driftskonsesjon for mineralutvinning på Engebø i Sunnfjord. I driftskonsesjonen er ikkje eit av krava frå Sunnfjord kommune om full ressursutnytting for å unngå sjødeponi innfridd. Det er klaga på driftskonsesjonen frå fleire instansar. Og om mineraldirektoratet held fast på avgjerda om å gje driftskonsesjon vil saka bli slutthandsama av næringsdepartementet.

I eit svar på spørsmål om oppretting av eit mineralråd i tidlegare Sogn og Fjordane var lovleg, vart det svara at det var «til utarbeiding ei sak i løpet av 2020, og som mellom anna vil vurdere rådet sin funksjon og organisering.»

Kontrollutvalet handsama sak om dette den 21.4.20. I vedtaket viser dei til svaret ditt til nemnde interpellasjon. Og kontrollutvalet ville på bakgrunn av det ikkje gjere ei vurdering av formalitetane rundt skiping av mineralråd og val av medlemmer.

Eg vil difor gjerne vite kva tid denne saka kjem til fylkestinget. Eg tykkjer det er viktig å få avklare både formalitetane kring opprettinga og kva folle og funksjon det skal ha i Vestland fylkeskommune.

### **Fylkesordførar gir slikt svar:**

I svaret på interpellasjonen frå Berthelsen i desember 2019, er det rett at eg opplyste om at administrasjonen kunne fremje ei sak i løpet av første halvår 2020, om korleis fylkeskommunen kan arbeide med mineralressursar og mineralnæring som saksfelt. Svaret mitt der må sjåast på bakgrunn av framlegget til vedtak i interpellasjonen, der det står: «Vestland fylkeskommune ber om å få ei sak om mineralutvinning i Vestland, om å opprette mineralråd, og særleg om dei konkrete planane for mineralutvinning i Engebøfjellet i Vevring i Sunnfjord kommune.» Framlegget vart ikkje realitetsbehandla. Det vart altså ikkje bedt om ei slik sak i første halvår.

I interpellasjonen er det også vist til svaret frå fylkesordføraren på interpellasjonen frå Berthelsen på fylkestinget i mars 2020 - om opprettinga av mineralråd er i strid med kommunelova. Det er rett at fylkesordføraren der svarte at det var til utarbeiding ei sak i løpet av 2020, som mellom anna vil vurdere mineralrådet sin funksjon og organisering. Fylkesordføraren får opplyst frå administrasjonen at det framleis er tenkt utarbeiding av saka i løpet av året.

Når det gjeld korleis fylkeskommunen kan arbeide med mineralressursar og mineralnæring som saksfelt framover, så ser fylkesordføraren at Mineralrådet Vestland har kome med høyringsuttale til Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 – Regional planstrategi, (som skal vedtakast seinare på dette møtet). Der foreslår rådet å utarbeide ein eigen Regional plan for mineral og massehandtering. Fylkesordføraren har elles fått opplyst at Mineralrådet ønskjer å presentere seg for fylkespolitisk utval no i haust.

### **3. Berthelsen (SV) og Sæhle (SV): Spørsmål om oppfølging av vedtak om vindkraft**

Den 10.juni i år vedtok eit samrøystes Vestland fylkesting at ein ikkje vil «ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak.»

Det er gjeve konsesjon til fleire vindkraftanlegg i Vestland. Nokre er ferdig bygde og i drift. Medan andre ikkje har fått den endelege godkjenninga for å sette i gang. I tillegg ligg det føre planar om utbygging i stort omfang i Vestland i urørd natur, slik fylkestinget uttalte.

Stortinget vedtok den 19.juni i år å be regjeringa «vurdere hvorvidt behandlingen av gitte vindkraftkonsesjoner har fulgt energilovgivingen og forvaltningslovens krav» Stortinget vedtok at dersom det skulle ligge føre manglar i konsesjonen «som er i strid med lovgiivingens krav skal forvaltningen stanse vedtaket».

Kva har fylkeskommunen gjort for å følgje opp vedtaket i fylkestinget den 10.juni?

I fleire av utbyggingane er selskap der fylkeskommunen har eigarinteresser involvert. Kva er gjort, og kva vil fylkeskommunen eventuelt gjere i desse selskapa, til dømes Sogn og Fjordane Energi for å følgje opp vedtaket i fylkestinget den 10.juni?

Kva vil fylkeskommunen gjere for å få stoppa planane som ligg føre for utbygging i kommunane Alver, Masfjorden, Modalen, Høyanger og Gulen? Her er det planar for utbygging av fleire hundre vindturbinar i område der fylkestinget har sagt at ein ikkje vil ha utbygging av vindkraft. Og utbyggingane vil vere i strid med kommunestyrevedtak.

### **Fylkesordførar gir slikt svar:**

Spørsmål:

Kva har fylkeskommunen gjort for å følgje opp vedtaket i fylkestinget den 10.juni?

Svar:

Fylkeskommunen er ein av dei viktigaste høyringspartane i energisaker der NVE/OED er dei som gjer vedtak etter energilovgivning. Erfaringsmessig legg NVE normalt stor vekt på fylkeskommunane sin uttale. Fylkeskommunen vil gje politisk uttale når søknader om vindkraft er på høyring. Fylkestinget sitt vedtak frå juni er ei viktig føring til administrasjonen når fylkesrådmannen lagar framlegg til uttale.

Spørsmål:

I fleire av utbyggingane er selskap der fylkeskommunen har eigarinteresser involvert. Kva er gjort, og kva vil fylkeskommunen eventuelt gjere i desse selskapa, til dømes Sogn og Fjordane Energi for å følgje opp vedtaket i fylkestinget den 10.juni?

Svar:

Vestland fylkeskommune har berre indirekte eigarskap i selskap som SFE, der me eig ein del av eit selskap som eig ein del av SFE. Fylkeskommunen kan ha representantar i styret i slike selskap, men det er ikkje vanleg at fylkestinget instruerer desse.

Spørsmål:

Kva vil fylkeskommunen gjere for å få stoppa planane som ligg føre for utbygging i kommunane Alver, Masfjorden, Modalen, Høyanger og Gulen? Her er det planar for utbygging av fleire hundre vindturbinar i område der fylkestinget har sagt at ein ikkje vil ha utbygging av vindkraft. Og utbyggingane vil vere i strid med kommunestyrevedtak.

Svar:

Per dags dato har ikkje VLFK fått nokon nye søknadar om vindkraftutbygging i kommunane Alver, Masfjorden, Modalen, Høyanger eller Gulen på høyring. Fylkesrådmannen vil legge fram sak om det skulle komme ein slik søknad på høyring. Regjeringa la i juni fram stortingsmeldinga om Vindkraft på land – Endringar i konsesjonsbehandlinga (Meld. St. 28 (2019-2020)). Regjeringa vil stramme inn behandlinga av vindkraftkonsesjonar og styrke den lokale og regionale forankringa. I påvente av nye reglar har regjeringa pausa handsaming av nye konsesjonar.

Det er avgjerande at eventuell ny vindkraft har lokal forankring og dette vil vere viktig premiss også for fylkeskommunen sine fråsegn om vindkraft.

#### 4. Jeanette Onarheim Syversen (R); Konsesjonsreglane for vindkraft i hard vind

Konsesjonsreglane for vindkraft er i hard vind. Den enorme folkelege motstanden imot utbygging av vindturbinar i norsk natur, er ein konsekvens av eit system, som ikkje tar omsyn til naturverdiar eller demokratiske prinsipp. Der frist for utbygging er satt til 01.01.2021, som ved Stadlandet, skjer det no utbyggingar som bokstaveleg talt raserer uerstatteleg kystlynghei og «avbøtande tiltak» er ikkje tilstrekkeleg. NRK har i den spesielle saka vist til korleis energiselskapa har bestilt rapportar som konkluderer med eit heilt anna utfall enn det fylkesmannen sine rapportar gjer. Ser fylkesordførar at kulturlandskap og eldgammal kystlynghei, samt gyteområde for sjøaure, har ei eiga verdi? Er fylkesordførar villig til å reise seg i forsvar av denne verdien, og vil fylkesordføraren be regjeringa vektlegge fylkesmannen sine rapportar som tydeleg viser til at dei områda som no blir rasert ved Stad, er av svært viktig verdi i eit større klimarekneskap?

Fylkesordførar gir slikt svar:

Det var fyrst gjeve konsesjon av NVE til bygging og drift av eit vindkraftverk med samla effekt på inntil 21 MW med nettilknytning og tilhøyrande infrastruktur 17. desember 2013. Dette vedtaket vart påklaga, men seinare stadfesta av Olje- og energidepartementet (OED) i 12. juni 2015. Okla vindkraftverk er eit vindkraftverk forventa produksjon på 71,4 GWh. Lokalt er det delte meiningar om kraftverket.

Selje kommune var positive til vindkraftverket med vilkår om at det vart set krav til ulike avbøtande tiltak. Sogn og Fjordane fylkeskommune frårådde NVE å gje konsesjon i opprinneleg søknad, men klaga ikkje på vedtaket. Fylkeskommunen meinte m.a. at konsekvensutreiingane ikkje var tilstrekkeleg utgreidd.

Seinare har detaljplan og miljø-, transport- og anleggsplan vorte godkjend av NVE, 16.11.2017. Selje kommune hadde ikkje merknadar til planane då.

24. juni 2019 godkjende NVE planendring for Okla vindkraftverk. Dette gjekk ut på å byggja fem turbinar i staden for seks, og å endra høgda på dei til 148,5 m frå 141 og 151 m. I tillegg vart turbinposisjonane justert. Den interne vegtraseen vart òg noko justert og redusert i dei nye planane. Vedtaket til NVE vart påklaga, men seinare stadfesta av OED, 20. mars 2020.

Slik saka står i dag er det gjeve byggjeløyve til vindkraftverket i tråd med konsesjon som er stadfesta av OED i 2015. Etter dette har ikkje sjølve konsesjonen vore på høyring, men stått fast. I dag har ikkje fylkeskommunen noko formell rolle her sidan høyringane tilknytt Okla vindkraftverk er avslutta.